

Lyrikk

En Lyrisk stafett

I denne lyriske stafetten vil vi at kolleger skal dele stemninger, tanker og assosiasjoner rundt et dikt som har betydd noe for dem, enten i arbeidet eller i livet ellers. Den som skriver får i oppdrag å utfordre en etterfølger. Slik kan mange kolleger få anledning til å ytre seg i Lyrikkspalten. Velkommen og lykke til!

Tove Rutle – lagleder

Unni Bilsbak utfordra meg til å bidra til denne spalta, og den utfordringa tek eg imot. Sjølv om eg er ein ivrig lesar, vert det mindre av den poetiske delen av litteraturen. Dikt som passar for meg, skal eg likevel finna. Det er vel med dikt som med anna at det som passar vil kunna variera med tid, alder og røynsle. Vers som for meg alltid vil passa, vil vera om fjella som eg er så glad i.

Eg vel likevel å opna med det diktet som i ei årrekke har vore oppslått på kjøkenveggen, sjølv om det er samme forfattaren som Unni hadde. Han tåler det, den diktaren. Kvifor så dette? Tja, det er vel fordi eg synes det er ein god leveregel og det gir meg og minner om oppvekst og levemåte i min barndom.

Gjer ein annan mann ei beine.

Han kom or fjellet, skulle heim,
Fekk føring ifrå Osa
ut til Øydvinsto'.
Og han var raust
og baud betal.
Men Osamannen
var 'kje fal:
Eg vil betala;
eg kan ikkje nå deg
med ei beina att.
So gjer ein annan mann
ei beine då,
sa Osamannen
og skauv ifrå.

Apropos oppvekst, eg tar og med eit dikt av min tidlegare sambygding, diktaren og kåsøren Ingvar Moe. Inspirasjonen til dette fekk han frå ei resultatnotis etter eit barneskirenn der Jarle vart nr. 59 og sist med doble tida av vinnaren Bjørn Egil.



Nummer 59

kjære Jarle!
tykte du så synd i
snøtunge smågraner
langs løypa
lurte du deg til
å banka av dei
med skistaven
når det ikkje skreik einkvan
bakom deg
smilte du litt kvar gong
ei til rista på akslene
og rette seg opp?

skar det brått
eit spennande dyrespor
tvers over løypa
måtte du følgja med dirrande lår
ut i mjuk laussnø
kjende du varm pust
oppunder nasen
mens du venta
framføre holet?

deg
vil eg følgja, Jarle
me skal forsiktig rista snøen
av unge tre
følgja utydelege spor
som kryssar løypa
eg går ikkje ifrå deg
om så alle dei Bjørn Egil'ane
som i verda er
fyk krefsande forbi.

Så kan eg på slutten av eit arbeidsliv håpa at eg i forhold til pasientar og kunnskap har prøvd følgja Bjørn Egil sitt døme, men fundera på om eg elles har tatt følgje med Jarle i passeleg mengde.

Eg vil utfordra min kollega tvers over gata, Bernt Daltveit. Han har eg kjent i 32 år og me hadde óg same arbeidsplass i nokre år. Ein veldig god og nøyaktig kliniskar. Han er óg ein god historieforteljar, og har nok óg dikt på lager.

Med helsing Reidar Berge, kommunelege II, Voss